



Stord Kommune  
Regulering, bygesak og oppmåling

Dato: 15.01.2015  
Vår ref.: 2014/15246-8  
Saksbehandlar: evataul  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til revidert planprogram og utviding av planområdet for Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita

Vi viser til brev datert 09.12.2014 om revidert planprogram for Kommunedelplan for E39 Heiane – Ådland/Nordre Tveita. Planområdet er utvida i sørvest til å omfatta vegføring forbi næringsområdet på Heiane.

Vi viser også til vår fråsegn om planprogram på høyring datert 15.05.2014.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Generelle planfaglege innspel

Fylkeskommunen spelte inn relevante regionale mål til planprogrammet ved første høyring. Desse er no tatt inn i planprogrammet.

#### Samferdsel

Stord kommune har saman med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen undertekna ein sykkelbyavtale for å auke sykkelandelen i og rundt Leirvik. Statusen som sykkelby gjer det særskilt viktig å ta omsyn til myje trafikantar i planlegging av ulike vegprosjekt. Eit av tiltaka som vert prioritert i sykkelby-prosjektet er å etablere ein Ekspress-sykkelrute frå Heiane til Vestlivegen på gamlevegen når vi får ny trase for E39. Hordaland fylkeskommune anbefaler å ta høgde for ei slik løysing i det vidare planarbeidet.

#### Kulturminne og kulturmiljø

I det utvida planområdet er det fleire kjende automatisk freda kulturminne. Det gjeld også SEFRAK-registrerte bygningar. I tillegg til kjende funn er potensialet for funn av nye kulturminne stort. Delar av området innanfor den nye plangrensa har vore registrert av fylkeskommunen tidlegare.

I det reviderte planprogrammet er alternativ 2, 4 og 5 i direkte konflikt med fem lokalitetar som er automatisk freda. Lokalitetane har ID 147434, 147436, 147439, 147440 og 147442 og ligg i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Lokalitetane vart påvist på Hattland då Hordaland fylkeskommune i 2011 gjennomførte arkeologiske registeringar i planområdet i samband med Reguleringsplan Heiane Sør gnr. 46 bnr. 1 og 2 og gnr. 47 bnr. 1 og 2. Kulturminna er eit busetnings- og aktivitetsområde frå bronsealder og jernalder. Her er det påvist kokegropar, veggrøft, stolpehol, fossile dyrkingsspor og funn av keramikk. På

Hattland står det og sju Sefrak-registrerte bygningar. Fire av dei automatisk freda kulturminne er bandlagt etter Lov om kulturminne med sosikode H 730. I reguleringsplanen er desse lokalitetane teke omsyn til innafor ei sone for bevaring kulturmiljø med sosikode 570. Dette gjeld lokalitetane id. 147434, id. 147436, id. 147440 og id. 147442. Riksantikvaren har i samband med denne reguleringsplanen gjeve løyve til inngrep, jf. kulturminnelova § 8.4 ledd, i det automatisk freda kulturminnet id. 147439, jf. brev datert 23.10.2012.

Ein bør så langt det er mogleg unngå traseaval som kjem i konflikt med kjende freda kulturminne.

Den nye plangrensa går heilt frå området ved Djupadalen i sørvest. Bergen museum har i 2013 grave ut ein lokalitet ved Djupadalen som er frå eldre steinalder (8500-8000 f.Kr.), Lokalitet 111 (id 15867). Dette kulturminnet er no fjerna. Steinalderbuplassen ligg ikkje langt frå Valvatnevågen. I dette området er det derfor høgt potensiale for nye funn frå steinalderen.

I sør er trasealternativa mest variable, så her vil vi rá til at det blir registrert så tidleg som mogleg i planprosessen. Undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, bør avklarast på eit tidleg tidspunkt, slik at vi kan få kunnskap om konsekvensane av dei ulike alternativa. Endringar og eventuelle dispensasjonar er tidkrevjande. Ein vil måtte pårekna arkeologiske registreringar uavhengig av kva trasealternativ som vert valt. Dersom § 9-undersøkingar i samband med utarbeiding av reguleringsplan skulle påvise nye funn av automatisk freda kulturminne, vil planen måtte reviderast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova.

I den fyrste utgåva av planprogrammet var alternativ 1 i direkte konflikt med eit automatisk freda kulturminne med ID 124822, eit busetnings- og aktivitetsområde frå bronsealder og jernalder. Det er positivt at ingen av alternativa i det reviderte planprogrammet ser ut til å vere i direkte konflikt med ID 124822, da alle alternativa går i tunell under området.

Det er positivt at konsekvensutgreiinga visar kulturmiljø og kulturminne som eige tema som skal utgreiast. Konsekvensutgreiinga må vise dei kjende kulturminna i planområdet og vurdera potensiale for konflikt med funn av automatisk freda kulturminne. Kvart alternativ må greia ut frå potensiale for funn og konflikt med kjende kulturminne. Dette gjeld og Sefrak-registrerte bygningar og ruinar. I tillegg er det viktig å få fram informasjon om kulturminne som til dømes steingardar, eldre vegfar, sjøbruksmiljø, marine kulturminne etc. Det må og vere ein plan for deponi og sekundær infrastruktur og kva verking det får på kulturlandskapet og Sefrak-registrerte bygningar.

Når eit meir detaljert planprodukt ligg føre, vil me kunne ta stilling til eventuelle markundersøkingar og omfanget av desse, og senda eit detaljert kostnadsoverslag for godkjenning.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet er rette myndighet til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røyre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Me kjenner til at det har vore ein del aktivitet omkring Ådlandsvatnet i eldre tid. Det har blant anna vore tømmerfløting ned elva og ei sag på 1700-talet. Det kan derfor finnast spor i vatnet som for eksempel ei eldre oppdemming eller andre konstruksjonar. I ferskvann er det svært gode bevaringsforhold. Det vil derfor truleg bli stilt krav om marinarkeologiske undersøkingar i forbindelse med ein meir konkret reguleringsplan i området.

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune viser til fråsegn av 15.05.2014. I tillegg ber vi om at planarbeidet vektlegg kulturminne i utvida planområde og sykkeltilkomst.

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre  
[www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar:

Eva Katrine Ritland Taule, Planseksjonen - Regionalavdelinga  
Silje Øvrebø Foyn, Seksjon for kulturminne og museum, Kultur- og idrettsavdelinga  
Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga